
Søknad - Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) - 245132

Søkjær

Fødselsdato

27.03.1973

Navn

CLAUS STÅLE HUSA SELLEVOLL

Adresse

Skarsvegen 486, 5911 ALVERSUND

Mobilnummer

917 31 491

E-post

claus.sellevoll@gmail.com

Kontonummer

**** ** 87631

Målform

Nynorsk

Eiendom og eierskap

Eiendom og eierskap

Du må oppgi hvilken landbrukseiendom SMIL-tiltaket skal gjennomføres på. Dersom tiltaket går over flere eiendommer, oppgi eiendommen hvor hoveddelen av tiltaket gjennomføres.

Landbrukseiendom

4631-147/3

Dersom du leier landbrukseiendommen der tiltaket skal gjennomføres, må det foreligge tillatelse fra eier av landbrukseiendommen for at det skal kunne innvilges SMIL-tilskudd.

Min tilknytning til landbrukseiendommen

Eier av eiendommen tiltaket gjennomføres på

Legg ved detaljkart som viser arealet/objektet der tiltaket skal gjennomføres, og hvor på eiendommen det ligger. Bruk gjerne gårdskart til å tegne og lage pdf.

Filnavn Kart Torvhusa i Veneset.pdf

Vedleggstype Kart

Drift

For å få SMIL-tilskudd må det foregå en tilskuddsberettiget produksjon på landbrukseiendommen.

Jeg er ansvarlig for tilskuddsberettiget produksjon på landbrukseiendommen

Kommentar til drift

Drifta er i samarbeid med Johannes Litleskare

Tiltakstype

Tiltakstype

SMIL-tilskudd kan gis til å gjennomføre konkrete tiltak eller til å planlegge prosjekter.

Jeg søker om tilskudd til å

Det kan gis tilskudd til enkeltstående tiltak eller større fellestiltak som berører flere aktører og/eller eiendommer. For fellestiltak med én søknad skal bare én av deltagerne stå som ansvarlig søker, men med skriftlig samtykke fra de andre deltagerne.

Tiltaket er et

Enkelttiltak

Prosjektbeskrivelse

Beskrivelse av tiltaket eller planleggingsprosjektet

SMIL handler om å gjennomføre miljøtiltak utover det som kan forventes ved vanlig jordbruksdrift. I denne delen skal du gjøre rede for tiltaket/planleggingsprosjektet som skal gjennomføres. Dersom du trenger mer plass eller har tegninger/bilder ol. kan du laste opp disse her.

Prosjekttittel skal være et kort beskrivende navn på tiltaket/prosjektet, gjerne navn på objektet eller arealet.

Prosjekttittel

Istandsetjing av torvhusa i Veneset

Kort beskrivelse av hva du ønsker å gjøre

Tuftene etter torvhusa i Veneset skal reisast. Disse husa var viktige i utmarka, ikkje berre for lagring av brenntorv, men også som skjenflorar for utgangarar som var eitt fast innslag i Veneset.

Utfyllende beskrivelse av hva du ønsker å gjøre. Ta med beskrivelse av området og tilstanden til arealet/bygningen el. hvor tiltaket skal gjennomføres. Beskriv omfang av, og formål med tiltaket, hvordan tiltaket skal utføres (arbeidsmetoder, materialer etc.) og av hvem.

Alle dei fire torvhusa i Veneset er reist i tørrmur som vil seia at det ikkje er nytta bindemiddel mellom steinane. Tørrmuring eller gråsteinsmuring har som kjend ei lang og rik historie på strilelandet. I tråd med denne eldgamle byggeskikken vil me freista å setja i stand dei fire torvhusa slik dei var reist, truleg på slutten av 1800-talet. Det vil bli lagt vekt på å sortera ut den «beste» steinen for å sikra endar og hjørne, men også å sikra betre binding sume stader inne i vegglivet. Når det gjeld takkonstruksjonen har den, etter merkja å døma, vore tradisjonelt saltak med pannestein i tegl oppå torvhusa. Det eine kan ha hatt bylgjeblick. Tørrmurane er omlag 2,5- 3 meter i breidde og 3,5 - 4 meter i lengde (yttermål). Høgda i veggane er omlag 1,4 meter. Både dør og vegg i front har truleg vore i treverk. (Sjå nøyaktige mål i eige vedlegg av Haakon Aase.)

Utfyllande dokument om attreisinga i eige vedlegg

Begrunn hvordan dette miljøtiltaket vil fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og/eller redusere forurensningen fra jordbruket

Torvmyra og torvhusa i Veneset representerer slik sett ei tid og ein tradisjon som det er viktig å formidla vidare til nye generasjonar. Framleis finst det dessutan dei som hugsar torvtakinga og vil gle seg over eit gjensyn med ein plass dei har kjære minne frå.

Ingen onn var så slitsam som torvonna. Arbeidet i torvskåren, tørkinga, krakkinga, og ikkje minst slitet med å få torva heim i hus før vinteren. Men om torvtakinga var eit sabla slit, skin minnet om denne sjauen, som samla nabolaget til kollektiv innsats, framleis som eit smykke i minnet til dei som enno kan fortelja. For ingen onn var vel fylt med så mykje enkel glede. Samhaldet og felleskapen på tvers av generasjonane fekk fram lått og leven. Som når det vart bjølla inn til middagspause oppe i bakkane. Eller då utegangarane til han Ragnvald skulle samlast i torvhusa til vårklyppen. Då kom ungane, som hadde få oppgåver, til sin rett. Då sprang dei over haugane og fekk jagd sauene på plass.

Slik kan torvhusa også vere til nytte i framtida, som funksjonelle skjeneflorar, der beitande utegangarar kan takast inn for å verta klypte, eller der dei sjølve kan søkja inn, når veret er dårleg, eller når insekta plagar.

Ei kulturhistorisk kjelde til kunnskap og oppleving.

Kunnskapen om denne typen utlør er i ferd med å gå tapt. I dag er tufter etter torvhusa det mest synlege minnet om denne tida og denne tradisjonen

Oppe på eit fjell, ute på eit nes, inne i ein skog, men alltid inntil ei myr, finst dei. Moderne menneske som snublar over desse tuftene, gjerne overgrodd av skog, har dårlege føresetnader for å vita kva desse bygningsrestane ein gong har vore.

Å setja torvhusa i stand att er ikkje berre eit handfast bevis på vår grunnleggjande respekt for forfedrane og deira innsats, men også eit band til å bitta saman ny og gammal tid med.

Skogbruk, beite og stølsdrift. Det har vore den tradisjonelle bruken av utmarka i Veneset. Eit ganske omfattande arbeid blir no lagt ned for å føra Veneset tilbake til “fordums prakt”, med bøar og beiteland og eit landskapsmessig uttrykk som liknar på slik her ein gong var.

I fleire år har jorda lege brakk, men no har gardsbruket så smått byrja å ta i bruk att utmarka.

Den gamle torvvegen til Veneset er alt rusta opp og godkjend som landbruksveg. Det har gjort området meir attraktivt til rekreasjon. Det gamle utmarksleet, “Storaleet”, er komen på plass der det stod då torvtakinga fann stad. Veneset, slik det er tenkt, skal vera ein plass utan påtrengjande tilrettelegging. Den gamle torvstien, som i dag er tilgrodd og uframkomeleg, skal setjast i stand og merkast fram til myra. Kanskje kan det setjast opp ein kvilebenk i området rundt torvhusa, der bøndene strekte seg og tok middagskvilen. Informasjon om korleis torvtakinga lokalt gjekk føre seg, skal også gjerast tilgjengeleg. Slik vil torvhusa og torvmyra, skogen og resten av utmarka, ha verdi, ikkje berre som turmål, men også som ei kulturhistorisk kjelde til kunnskap og oppleving. Veneset er ein bortgøymd plass i verda, og bortgøymd skal Veneset halda fram med å vera. Fordi det er ein av plassen sine kvalitetar. Veneset er likevel ein plass som toler meir trafikk, og det er ein plass vi moderne menneske med fordel kan oppsøkja. For å møte og prøva å forstå våre forfedres slit, men også deira gleder. Deira uro, men også deira kjelde til sjelefred.

Torvhuset kjem aldri til å fyllast att med brennstoff frå myra attmed. Snarare kan torvhuset fylla eit kapittel i ei historie som treng forteljast. No og i framtida.

Beskriv planlagt bruk for objektet/arealet etter at omsøkt tiltak er fullført

Torvhusa skal fortelja ein viktig historie, men på same tid ha den same praktiske nytten som då utegangarane til han Ragnvald (farfar) skulle samlast i torvhusa til klyppen. Når dei 150 år gamle torvhusa skal reisast på ny, er det ikkje berre som stillfarne tidsvitne, men like fullt som funksjonelle skjenefflorar, der beitande utegangarar kan takast inn for å verta klypte, eller der dei sjølve kan søkja inn, når veret er dårleg, eller når insekta plagar.

Andre relevante opplysninger

Prosjektet starta for omlag 2 år sidan, med plan og tilrettelegging og innhenting av opplysningar frå lokale tidsvitner. det resulterte mellom anna til at bygdeboka i Alversund kunne hausta eit eige kapittel om torvtaking.

I skrivande stund er det arbeid med demontering og attreising av murar på det eine torvhuset.

Prosjektperiode

Prosjektperioden skal inkludere utarbeidelse av sluttregnskap og rapportering. Det innvilges normalt ikke tilskudd til tiltak som allerede er påbegynt eller slutført.

Prosjektperiode

Frå 10.09.2023 Til 31.12.2023

Redegjør for fremdriftsplan

1. Vegetasjonsrydding (vert utført på førehand).
2. Rydding i stein og massar i og omkring bygningane
3. Demontering av skadde parti, sortering og deponering av stein

4. Tiltak i grunn og fundament. Her er det påreknat at ein i all hovudsak kan mura på dei grunnsteinane som er og gå ut ifrå at dei ligg stabilt. Berre mindre tiltak trengst.
5. Oppattmuring av dei skadde partia og justering av høgder.
6. Tilpassingar i murkrona i samråd med tømrrar (etter behov)
7. Saltak , pulttak , frontvegg og dør.
8. Taktekking.

Arbeidskraft: 4 handverkarar: 2 tørrmurarar + 2 tømrrarar.

Utstyr: Traktor, gravemaskin og diverse verktøy *

* I tillegg til verneutstyr, brukar tørrmuraren ei rad tradisjonelle reiskapar for å grava og leggja til rette i jord og steinrøyser. Dei viktigaste verktøya for å omarbeida stein er slegge og holsett, medan slegge og pigget sett vert brukt til å dela steinen. Dette var utstyr som tidlegare var å finna på dei aller fleste gardar, men som no er vanskelegare å få tak i.

Finansieringsplan

Kostnadsoverslag

Kostnadsoverslaget skal omfatte totale kostnader. Oppgje beløp ekskl. mva. dersom det er fradragsrett for inngåande mva. for tiltaket. Dette kan berre gjelde verksemdar som er registrert i Meirverdiavgiftsregisteret. Andre verksemdar kan oppgje beløp inkl. mva.

Kostnadsoverslag

756 809

Spesifiser kostnader

Kostnader med planlegging, organisering og gjennomføring av prosjektet kan inngå i kostnadsoverslaget. Dette gjelder blant annet materialkostnader, arbeidskostnader og kostnader med utarbeiding av nødvendige planer.

Nye rader kan settes inn ved bruk av tab eller ved hjelp av tabellikonet.

Type kostnad (aktivitet)	Beløp (kroner)
Tørrmuring	314063
Trekonstruksjon	327746
Andre kostnader	15000
Eige arbeid	100000

Oppgi om kostnadene til innkjøpte varer og tjenester er inklusiv eller eksklusiv mva.
Både inklusiv og eksklusiv mva. Deler av kostnadene er fradragsberettiget.

Kommentar til kostnadsoverslaget

Finansieringsplan – summen av søknadsbeløp, egen og annen finansiering må tilsvare kostnadsoverslaget

Søknadssum

50 000

Eiga finansiering

206 809

Spesifiser egen finansiering

Spesifiser verdi av eget arbeid og egenandel. Dersom du trenger mer plass kan du i tillegg laste opp vedlegg.

Nye rader kan settes inn ved bruk av tab eller ved hjelp av tabellikonet.

Finansieringskilde/type finansiering	Beløp (kroner)
Eige arbeid	100000
EK	157809

Anna finansiering

500 000

Spesifiser annen finansiering

Spesifiser ev. andre finansieringskilder. Oppgi også om midlene er innvilget eller kun omsøkt. Hvis du har dokumentasjon som bekrefter annen finansiering kan du i tillegg laste opp vedlegg.

Nye rader kan settes inn ved bruk av tab eller ved hjelp av tabellikonet.

Finansieringskilde/type finansiering	Beløp (kroner)
Kulturminnefondet	250000
Uni Stiftelsen	30000
Vestland fylkeskommune	70000
Alver kommuen	50000
Vestenfjelske Bykreditts Stiftelse	100000

Kommentar til finansieringsplanen

Vedlegg

Filnavn

Søknad restaurering torvhus_ SMIL.pdf
Eit kikhol i ei anna tid av Knut A Langeland.docx
NOTAT (3).pdf

Type vedlegg

Vedlegg til søknad
Vedlegg til søknad
Vedlegg til søknad

Oppsummering

Kven skal handsame søknaden?

Alver kommune

Kommentar

Mrk! Det blei sendt søknad til dette prosjektet for over eit år sidan, men eg sender på nytt, då eg er usikker på om den er komen fram.

Stadfest og send søknad

Eg bekreftar at opplysningane i søknaden er fullstendige og korrekte.

Innsendingsdato

09.09.2023